



Musikkgruppa til Vivi-Ann Brede Souyris På Oska i går kveld

Det var ein franskinspirert konsert på OSKA i går kveld. Vivi-Ann Brede og dotter hennar Natasha framførte songar og musikk som høyrer til genre Stringswing. Med seg hadde dei tre dyktige musikarar, Tobias L. Torjursen på trombone, Sebastian L. Torjursen på tuba, susafon og beatboxing og Roger Sjøvold Dalland på 12 strenggitar, fotorgel og vokal.



Frå vesntre: Roger Sjøvold Dalland, Sebastian og Tobias L. Torjursen

Med ni nummer i konserten var gruppa mellom anna innom Edith Piaf, Michael Jackson og filmmusikk. Vakkert var det å høyra mor og dotter syngja duo. Musikarane fekk fram mykje autentisk og elektronisk klang. Vi kjenner alle Sebastian med sine evner til å få fram malande lydar på susafonen sin. Solisten har budd mange år i Frankrike og kjenner landet og musikktradisjonen der. Ho kan språket og framfører alt med fransk innleving.

Deler av konserten var for eit lyttande publikum, ikkje slik vi opplevde det med folk som pratar og ler høgt i bakgrunnen. Vivi-Ann Brede med gruppa si hadde fortent eit betre lokale lydmessig. Konserten var nyskapande og på eit kvalitativt høgt nivå. Roy Lervåg på OSKA skal ha ros for at han legg konsertar til Uskedalen og det i ein genre som vi ikkje høyrer så ofte.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal